

SULDAL KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Torsdag **21. november 2024** blei det halde møte i Suldal kontrollutval under leiing av utvalet sin leiar Otto Underbakke.

MØTESTAD:	Suldal kommunehus, formannsskapssalen
MØTESTART/SLUTT:	Kl. 10.00 – 11.35
MØTANDE MEDLEMMER:	Otto Underbakke (H), og Astrid Brommeland (Sp)
MØTANDE VARAMEDLEMMER:	1. vara Michael Willig (SV) og 3. vara Annfrid Halsne (SP)
FORFALL:	Arin Eirikssønn (Ap), Ragnhild Sukka (V), Ivar Andre Naustvik (Krf) og 2. vara Terje Bjørndal (H)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Rådgjevar Sjur Hatlen - Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ ROGALAND REVISJON:	Forvaltningsrevisor Heidi Stenevik
FRA ADMINISTRASJONEN:	Kommunedirektør Karin Dokken Austvik i sak 26/24
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTEN:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

25/24 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 26.09.24

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå møte i Suldal kontrollutval 26.09.24 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 21.11.24:

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 21.11.24:

Protokoll frå møte i Suldal kontrollutval 26.09.24 blir godkjent slik han ligg føre.

**SAK 26/24 ORIENTERING OM ADMINISTRASJONEN FRÅ
KOMMUNEDIREKTØREN**

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Suldal kontrollutval tar orienteringa frå kommunedirektør Karin Dokken Austvik om hennar arbeids- og ansvarsområde til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 21.11.24:

Kommunedirektør Karin Dokken Austvik heldt ei presentasjon og orienterte om sitt arbeidsområde med fokus på effektive tenester. Ho presenterte organisasjonskartet for kommunen, som er delt inn i følgjande område: «Økonomi og organisasjon», «Kultur og samfunnsutvikling», «Oppvekst» og «Helse og velferd». Det vart informert om at kultursjefen har slutta, og at leiaren for introtenesta mellombels fungerer som kultursjef.

Vidare orienterte ho om eit organisasjonsutviklingsprosjekt basert på LEAN-metodikk, eit arbeid kommunen har jobba med i tre år. I samband med dette er det oppretta eit forbetringsteam og eit forum med digitale delingsmøte. Kommunen har også laga ei LEAN-handbok som skal sikre betre organisering av tenestene, og det er etablert ein inspirasjonspris for å løfte fram arbeidet.

Kommunedirektøren peikte også på fleire utfordringar, mellom anna reduksjon i inntektene. Ho understreka behovet for å mobilisere arbeidskraftreserven, særskilt blant personar i yrkesaktiv alder som står utanfor arbeidslivet eller jobbar deltid. Kommunen har tatt imot over 200 ukrainske flyktningar i yrkesaktiv alder og har difor tilsett ein person som skal arbeide med å få desse ut i arbeid. Ho nemnde òg mangel på faglærarar i norsk og matematikk, noko som vil bli ei aukande utfordring framover.

I tillegg vart det orientert om driftstilpassingar, inkludert reduksjon av tiltak på område der fylkeskommunen har ansvar. For 2024 er det bestemt å kutte 12,5 stillingar. På investeringssida planlegg kommunen prosjekt for nesten ein milliard kroner, inkludert bygging av ny sjukeheim, elevheimar, brannstasjon, rekrutteringsbustadar, vassverk, energibrønner i større bygg og rehabilitering av Vinjarheim bukollektiv.

Kommunedirektøren svara på spørsmål frå medlemene, mellom anna om beredskap og krisehandtering, og om korleis dei tilsette opplever behovet for innsparingar.

Leiar takka for ei god og interessant orientering.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 21.11.24:

Suldal kontrollutval tar orienteringa frå kommunedirektør Karin Dokken Austvik om hennar arbeids- og ansvarsområde til orientering.

**SAK 27/24 TINGING AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT –
«KOMPETANSE I SKULE OG BARNEHAGE»**

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Suldal kontrollutval tingar ein revisjonsrapport om «Kompetanse i skule og barnehage» i samsvar prosjektmandatet dagsett 12.11.24 (med dei endringane som kjem fram i møtet.)

Oppdraget tingast frå Rogaland Revisjon IKS innanfor ei ramme på 250 timar.

Handsaming i kontrollutvalet 21.11.24:

Revisor orienterte om prosjektmandatet og gjekk gjennom bakgrunn, føremål og dei valde problemstillingane.

Leiar føreslo å ta inn problemstillinga: Kva virkemidlar gjer kommunen for å halde på den kompetansen ein har i dag?

Medlemmene drøfta leiar sitt framlegg. Forvaltningsrevisor opplyste at prosjektet også vil omfatte problemstillinga. Ho svarte på spørsmål og noterte seg innspel frå medlemmene.

Utvalet blei samd om å behalda framlegg til prosjektmandat slik det var fremma.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 21.11.24:

Suldal kontrollutval tingar ein revisjonsrapport om «Kompetanse i skule og barnehage» i samsvar prosjektmandatet dagsett 12.11.24.

Oppdraget tingast frå Rogaland Revisjon IKS innanfor ei ramme på 250 timar.

SAK 28/24 MØTEPLAN FOR 2025

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Suldal kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2025:

torsdag 20. februar, 8. mai, 12. juni, 11. september og 13. november kl. 10.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

Handsaming i kontrollutvalet 21.11.24:

Leiar informerte om sin arbeidsplan med to veker på arbeid og to veker fri. I høve til arbeidsplanen hans ville han vere på arbeid på dei foreslåtte møtedatoane i februar, juni og september. Han kom med framlegg til å flytte nokre av møtedatoane til torsdag: 13. februar, 5. juni og 18. september. Utvalet støtta leiar sitt framlegg.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 21.11.24:

Suldal kontrollutval vedtar følgjande møteplan for 2025:

torsdag 13. februar, 8. mai, 5. juni, 18. september og 13. november kl. 10.00.

Utvalssekretær kan i samråd med leiar endre møtedato om det vert naudsynt.

SAK 24/24 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER

- 24. Statusrapport pr. november 2024
- 25. KST-vedtak 30.10.24 – Ny plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll
- 26. Invitasjon til NKRF sin fagkonferanse 29. - 30. januar 2025 på Gardermoen

Handsaming i kontrollutvalet 21.11.24:

Sekretæren gikk gjennom referatsakene.

Utvalet diskuterte deltaking på NKRF sin fagkonferanse og blei samde om at medlemmer som ønskjer å delta melder frå til leiar eller sekretær.

Utvalet hadde elles ingen særskilte merknader til referatsakene.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 21.11.24:

Suldal kontrollutval tar referat- og orienteringssakene 24 – 26 til orientering.

YMSE

Michael Willig tok opp at Arin Eirikssønn har hatt problem med å delta på møta fordi han studerer i Trondheim. Sekretær informerte om at Eirikssønn har varsla sekretariatet om at han vurderer å søke fritak for resten av valperioden.

Neste møte: torsdag 13.02.25 – kl. 10.00

Foreløpige saker: orientering om helse og velferd, og utvalet si årsmelding 2024

Suldal/Sand, 21.11.24

Otto Underbakke
Leiar

Sjur Hatlen
Utvalssekretær